

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2023 for fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2022 til 2023. Som frie inntekter reknar ein inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap for 2022. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren frå 2022 til 2023 er anslått til 3,7 prosent.

Veksten i frie inntekter frå 2022 til 2023 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2022 i Prop. 1 S for 2023. Skatteinntektene for fylkeskommunane i 2023 er anslått til 40,35 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2022 til 2023, ut frå anslag på rekneskap, er nominelt anslått til 4,3 prosent. Anslaget omfattar ein auke i skatteanslaget for 2022 med 420 mill. kroner samanlikna med anslaget i revidert nasjonalbudsjett 2022. I berekninga av veksten i frie inntekter blir naturressursskatten halden på same nivå i 2022 og 2023. For begge åra blir det nytta tal for naturressursskatt frå inntektsåret 2020.

Skjønstilskot som blir fordelt i løpet av året i 2022 og 2023 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune. For begge åra er det ufordelte skjønnet (reservepotten) på 50 mill. kroner.

Om skatteinntektene

I skatteanslaget er anslaget for skatteutjamning inkludert. Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til når ein reknar veksten i frie inntekter. Samla inntektsskatt for fylkeskommunane i 2022 og 2023 blir anslått av Finansdepartementet i statsbudsjettet for 2023. For å anslå skatteinntektene for kvar fylkeskommune, tek ein utgangspunkt i skatt per innbyggjar i fylkeskommunen i 2021 og skriv fram talet med innbyggjartalet i 2022. Ut ifrå skatt i 2021 framskriven med innbyggjartal for 2022, blir det rekna ut eit anslag for kvar fylkeskommune sin prosentdel av det samla skatteanslaget for 2022 og 2023. Dette trekkjer i retning av at fylkeskommunar som har høgare vekst i talet på innbyggjarar enn landsgjennomsnittet frå 2022 til 2023, òg får høgare vekst i skatteinntektene enn det som følgjer av føresetnadene for berekninga. Det motsette vil kunne vere tilfellet for fylkeskommunar med svakare vekst i talet på innbyggjarar enn gjennomsnittet for landet. Skatteutjamninga for 2023 tek utgangspunkt i innbyggjartalet per 1. januar 2022.

Om rammetilskotet

Rammetilskotet for 2022 er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2022. Rammetilskotet for 2023 er vist i tabell 1-fk.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir anslaget på frie inntekter for 2022 korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2023. Anslaget på dei frie inntektene for 2022 er òg korrigert for ekstraordinære løyvingar i samband med koronapandemien. Desse løyvingane blir ikkje vidareførte i 2023. I 2023 er summen av korrigeringar for pandemien og andre saker om lag 291,6 mill. kroner i 2022-kroner.

Korreksjonane er viste i innleiinga til Grønt hefte (i 2023-kroner). Korreksjonar på fylkeskommunenivå er i hovudsak gjort etter kostnadsnøkkelen.

Endringar i fordelingar av saker med ei særskild fordeling (jf. tabell C-flk) er behandla som ei oppgåvekorrigerings i utrekninga av vekstanslaget for kvar einskild fylkeskommune. For 2023 gjeld det distrikts- og regionalpolitiske tilskot, men òg fordeling av midlar til gratis ferje. Ny fordeling av desse sakene påverkar ikkje det samla vekstanslaget for fylkeskommunane.

Særskilte høve når det gjeld skatteinntekter i 2022 og trekk i rammetilskotet for fylkeskommunar med konsesjonskraftinntekter

I 2022 er det berekna ei særskilt skatteauke på 2,6 mrd. kroner som ikkje førast vidare til 2023. Dette er ein eigen korreksjon. Denne auka er knytt til skatt på utbytter i 2021, og av dei berekna skatteinntektene på 42,72 mrd. kroner i 2022 er 2,6 mrd. kroner fordelte etter berekna skatteinntekter i 2022 frå utbytter i 2021, før skatteutjamninga. Anslaga på resterande skatteinntekter i 2022 og samla skatteutjamning følgjer prosedyren i avsnittet innleiingsvis. Som følgje av dei ekstraordinære skatteinntektene i 2022, vart fylkeskommunane trekte 2,4 mrd. kroner i rammetilskotet, og dette er ein eigen korreksjon i korreksjonslista for 2023. For å få riktig samla korreksjon for den ekstraordinære skatteauken og trekket i rammetilskotet er differansen mellom korreksjonane på 2,6 mrd. kroner og 2,4 mrd. kroner i ekstra skatteinntekter, dvs. -200 mill. kroner, korrigererte med eit likt beløp per innbyggjar.

I 2023 er det lagt opp til eit trekk i samla rammetilskot for fylkeskommunane på 800 mill. kroner for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter. Fordelinga mellom fylkeskommunane er ikkje kjent. Trekket er midlertidig for 2023 og vil ikkje påverke berekna samla vekst for fylkeskommunane. Samstundes blir trekket korrigerert ut for heile landet, og påverkar dimed ikkje berekna vekst for heile landet. Fylkeskommunar som blir trekte vil likevel oppleve dette som ein reell nedgang i frie inntekter.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2022

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2022. Rammetilskotet per fylkeskommune, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå revidert nasjonalbudsjett for 2022, medan skatteinntektene er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2023 i Prop. 1 S (2022–2023). I rammetilskotet er dei ekstraordinære løyvingane til koronatiltak på post 60 *Innbyggjartilskot* inkluderte.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigererte frie inntekter i 2022

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigererte for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er òg gjort korrigeringsar for ekstraordinære løyvingar i samband med koronapandemien. Desse løyvingane blir ikkje vidareførte i 2023. Det er teke utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane er omtalte nærare i innleiingsteksten til Grønt hefte og Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2023

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2023. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-fk. Skatteinntektene er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2023 i Prop. 1 S (2022–2023), og i tråd med omtala i innleiinga over..

Kolonne 4 – Anslag på korrigert vekst frå 2022 til 2023

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2022 til 2023 for den einskilde fylkeskommune (kolonne 3 - kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigert vekst i prosent frå 2022 til 2023

Kolonne 5 viser prosentvis nominell oppgåvekorrigert vekst frå anslag på rekneskap 2022 til 2023.